

Protokoll Årsmøte 2026 i Sogn og Fjordane Folkemusikklag

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Bakke, Marin Stallemo (02.12.1994), signert 16.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- Rønningen, Kjersti (14.09.1966), signert 17.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- Friis, Kirsten Johanne (30.01.1953), signert 23.03.2026 med Signicat Sign BANKID
- Fridtun, Liv (30.07.1970), signert 24.03.2026 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet inneholder

En forside med informasjon om signaturene, alle originaldokumenter og digitale signaturer.



Dokumentet er forseglet av Posten Bring

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Bring AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

En digital signatur er kun gyldig digitalt. Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er signert av Posten Bring AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.



PROTOKOLL ÅRSMØTE 2026

Skei, 15. mars 2025

Opning

Møteleiar opnar møtet og ynskjer velkommen kl. 11:09.

1. Namneopprop

Dei oppmøtte presenterer seg sjølve med fullt namn og kva lag dei representerer. Kvart lokallag har rett på to utsendingar med stemmerett. Styret i SFFL har òg røysterett ved unnatak av godkjenning av rekneskap og årsmelding.

Tilstades:

Lene Furuli (Folkorg).

Nikolai Storevik, dagleg leiar SFF.

Aud Sissel Orheim, Styreleiar i SFF.

Berner Midthjell (Vindfylla), Jakob Haugen (Eid spelmannslag), Solveig Soldal Haugen (Nordbygda spel- og dansarlag), Hilde Henriksen (Nordbygda) Liv Fridtun (Austrheim musikklag), Linda Storøy (Gaular spelmannslag), Kari Storøy (Gaular spelmannslag),

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bakke, Marin Stallemo (02.12.1994), 16.03.2026
- Rønningen, Kjersti (14.09.1966), 17.03.2026
- Friis, Kirsten Johanne (30.01.1953), 23.03.2026
- Fridtun, Liv (30.07.1970), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

Vegard Hansen (observatør, Hardingfela.no), Antonia Karete Haugen Kongsvik (Fjelljom), Oddbjørg Ese (Jostedal spel og dansarlag), Ove Igelkjønn (Dalsfjorden spelmannslag), Egil Furenes (Folkemusikklaget Havbrusen), Marit Berli (Naustedalen spelmannslag), Rigmor Bjørkedal (Naustedalen spelmannslag), Magnus, Skjerdal (Eid spelmannslag), Dorthea Rennestraum Alisøy (Folkemusikklaget Havbrusen og Sogn spel- og dansarlag), Mari Skjerdal Lysne (Sogn spel – og dansarlag), Kjell Thue (Austrheim musikklag), Kjartan Naustdal (Nordbygda spel- og dansarlag), Kjersti Rønningen (Glopperaddane), Marin Stallemo Bakke (Sogn spel- og dansarlag, Kirsten Johanne Friis (styremedlem SFF)

2. Val av møteleiar

Vedtak: Aud Sissel Orheim

3. Val av skrivar

Vedtak: Kirsten Johanne Friis og Marin Stallemo Bakke

4. Val av to til å skrive under protokoll

Årsmøtet vel to av dei oppmøtte til å skrive under på protokollen.

Vedtak: Kjersti Rønningen og Liv Fridtun skriv under på protokollen

5. Godkjenning av innkalling

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga

6. Godkjenning av sakliste

Vedtak: Årsmøtet godkjenner saklista.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bakke, Marin Stallemo (02.12.1994), 16.03.2026
- Rønningen, Kjersti (14.09.1966), 17.03.2026
- Friis, Kirsten Johanne (30.01.1953), 23.03.2026
- Fridtun, Liv (30.07.1970), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

7. Oppsummering og tilbakemeldingar etter kappleiken.

Arrangøren oppsummerar kappleiken og Årsmøtet kjem med tilbakemeldingar.

God flyt, og godt samarbeid med hotellet. Erfarer at hotellet kjenner til kappleikssystemet, til tider tek dei for gitt at lokale arrangørar er kjende med «alt», men årets arrangør har aldri arrangert her før. Nokre ting må kanskje overvegast om ein skal arrangera her ved fleire høve. Viktig at evalueringar føreligg frå tidlegare kappleikar. Trengs ytterlegare detaljar i evalueringa (til dømes når på døgnet det trengs fleire i kafeen).

Klassesystemet i kappleiksreglementet er forvirrande. Bør sjå på heile systemet. Både arrangørar og deltakarar har vore forvirra. Klassene stemmer ikkje heilt med det som faktisk blir praktisert (døme: durspel/trekkspel er ikkje egne klassar). Ved påmelding var det mange som blanda lagspel fele/h.fele og runddans. Bør vera tydelegare presiseringar.

Folkorg har eit tevlingssystem. Dette systemet vart ikkje brukt på denne kappleiken, men kan brukast ved seinare høve. Tilbakemelding frå dommar som sakna fellesliste til å skriva på for kvar klasse.

Luksusproblem at det var mange som ville spele til dansespel. Flott! Framleis litt lite bygdedans, men forbetring frå sist.

Innspel frå årsmøtedeltakarane:

Det var ein time med bygdedans der ingen dansa under tevling, sjølv om det var lov til å dansa. Kan ein tydelegare opplysa når det er lov til å dansa og når det ikkje er lov?

Kven bestemmer når det er lov til å dansa og ikkje? Dette varierer frå kappleik til kappleik. Kan folkemusikklaget setja opp regel om kva klasser ein skal dansa til, og kva klasser ein ikkje skal dansa til? Bør dette opplystast frå programleiar?

Fornøgde med kappleiken - nærheit til alt. Ynskjer små lydprøver før spelinga i tevlinga,

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bakke, Marin Stallemo (02.12.1994), 16.03.2026
- Rønningen, Kjersti (14.09.1966), 17.03.2026
- Friis, Kirsten Johanne (30.01.1953), 23.03.2026
- Fridtun, Liv (30.07.1970), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

til dømes i lagspel, slik at ikkje det skjer ubalanse i lydbiletet slik dette laget opplevde. Hjelp til å setje opp mikrofonane riktig er også essensielt.

Framlegg om matpausar for publikum utan dansespel, slik at ikkje nokre lag opplever å spela til dans for tom sal.

Fungert fint, alle har gjort det dei skulle, triveleg å arrangere. Mange påmelde, og blide folk.

Lydforholda skal vere like for alle. Lydfolka bør få ein tydeleg bestilling på kva som trengs. Det skal vere naturleg og tydeleg lyd.

Nokre hadde problem med å finna ut korleis ein skulle melda seg på til dansespel. Arrangør svarar at det blei opplyst på Facebook, epost osb. om at ein måtte senda mail til Dorthea. Tidlegare har det vore påmelding til dansespel i tevlingssystemet.

Personalet på hotellet er særskilt fleksible og gode medarrangørar.

Fantastisk med full sal og god stemning på Smørbukkkappleiken, golvet «bølga» i fellesdansen leia av Mari Andrea Ness og Kari Malmanger, med Ingbjørn Lotsberg og Rasmus Henden som spelemenn. Det var 80 påmelde på minst 20 innslag. Trengs betre tid til registrering. Kanskje ein bør krevja påmelding i forkant slik at ein unngår tidspress ved registrering. Kjempepress på kiosken i etterkant. Det trengs fleire folk i kiosken til neste smørbukkkappleik.

Vedtak: Årsmøtet tek oppsummeringa til vitande.

8. Årsmelding 2025

Møteleiar les gjennom samandraget av årsmeldinga for 2025.

Innspel frå møtedeltakarane:

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bakke, Marin Stallemo (02.12.1994), 16.03.2026
- Rønningen, Kjersti (14.09.1966), 17.03.2026
- Friis, Kirsten Johanne (30.01.1953), 23.03.2026
- Fridtun, Liv (30.07.1970), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

- Retta namn på Dorthea på side to.
- Ynskje om å nemna samarbeid med kulturskulane i rapporten.
- Ynskje om å nemna kurs under jolebord-helga. Diverre litt få påmelde. Må marknadsførast betre.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2025 med dei innspela som har kome frå møtedeltakarane.

9. Rekneskap 2025

Dagleg leiar legg fram rekneskapen for 2025.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2025.

10. Arbeidsprogram 2026-2028

Møteleiar legg fram saka.

Framlegg til at laget jobbar fram samarbeid med kulturskulane for å etablere danseinstruktørar i kulturskulane og at kulturskulane har undervisningstilbod ute i folkemusikkmiljøa (Viksdalen).

Vedtak: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet for 2026-2028, slik det står skrive og med framlegget som tillegg.

11. Aktivitetsplan 2026

Møteleiar legg fram saka.

Alle er velkomne i Heimelaget, som er eit lag som vart skipa av Sogn og Fjordane

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bakke, Marin Stallemo (02.12.1994), 16.03.2026
- Rønningen, Kjersti (14.09.1966), 17.03.2026
- Friis, Kirsten Johanne (30.01.1953), 23.03.2026
- Fridtun, Liv (30.07.1970), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

folkemusikklag for at dei som ikkje har eit fast lag å vera med i skulle få høve til å spela ilag med andre og delta på kappleik, lokalt og nasjonalt.

Ønskjeleg med førebels utlysing på TØFT-midlar.

Dagleg leiar har oversikt over institusjonar/støfnadsordningar ein kan søkja på. Lokallag kan sjølv søkja midlar hjå desse, og dagleg leiar kan hjelpe lokallaga med søknadsprosedyrar.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner aktivitetsplanen for 2026, slik det står skrive og med innspela frå møtet.

12. Medlemspengar 2027

Framlegg til vedtak frå styret:

Born og ungdom (tom. 18 år) 40 kr

Vaksne 100 kr

Lag 900 kr

Juniorlag 450 kr (nytt i 2026)

Styret innstiller på å ikkje endre kontingentsatsane. Slik at born og unge framleis skal betale 40 kroner, vaksne 100 kroner og lag 900 kroner for medlemskap.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegg til vedtak på kontingentsatsar for 2027.

13. Budsjett 2026

Dagleg leiar legg fram budsjett for 2026.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjett 2026.

14. Val

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bakke, Marin Stallemo (02.12.1994), 16.03.2026
- Rønningen, Kjersti (14.09.1966), 17.03.2026
- Friis, Kirsten Johanne (30.01.1953), 23.03.2026
- Fridtun, Liv (30.07.1970), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

Leiar for valnemnda les opp framlegget frå valnemnda.

Framlegg til leiar: Aud Sissel Orheim - attval

Framlegg til styremedlem: Nytt styremedlem: Kari Storøy

Varamedlemmer:

1. Dorthea Rennestraum Alisøy
2. Bjørn Eivind Årdal
3. Sigmund Larsen

Revisor: Rekneskapbyrå: Økonomiservice as

Utsending til årsmøtet i Folkorg. ikkje aktuelt for 2026 då det ikkje er årsmøte.

Ny repr.: til valnemnda:

Framlegg om å spørje Arne Fossøy og Ingunn Skjerdal, eller eventuelt Oddbjørg Ese.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegget frå valnemnda.

Møtet vart heva kl 13.14.

Kirsten Johanne Friis

Referent

Liv Fridtun

Namn, Protokollunderskrivar

Marin Stallemo Bakke

Referent

Kjersti Rønningen

Namn, Protokollunderskrivar

Dokumentet er signert digitalt av:

- Bakke, Marin Stallemo (02.12.1994), 16.03.2026
- Rønningen, Kjersti (14.09.1966), 17.03.2026
- Friis, Kirsten Johanne (30.01.1953), 23.03.2026
- Fridtun, Liv (30.07.1970), 24.03.2026

Forseglet av



Posten Norge

Valnemnda sitt framlegg til val på årsmøtet i Sogn og Fjordane folkemusikklag 2026

Vedtektene til Sogn og Fjordane folkemusikklag seier dette om val:

§5 *Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemmer. Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år slik at to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år tre varamedlemmer til styret, og ein revisor. Det skal også veljast ei valnemnd på tre personar for tre år om gongen og der ein er på val kvart år. Den som har sete i to år vert automatisk leiar i nemnda i sitt tredje år. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret konstituerer seg sjølv.*

Framlegg til leiar (valt for eitt år):

Aud Sissel Ørheim (attval)

Framlegg til styremedlemmer (valt for to år):

Berner Midthjell (attval)

Kari Storøy (ny)

Judith Vestreim og Kirsten Friis er ikkje på val i år.

Framlegg til varamedlemmer (valt for eitt år):

1. varamedlem: Dorteia R. Alisoy (attval)

2. varamedlem: Bjørn Eivind Årdal (ny)

3. varamedlem: Sigmund Larsen (attval)

Revisor:

Etter at folkemusikklaget inngjekk avtale med det autoriserte rekneskapsbyrået Økonomiservice AS er det ikkje krav om at laget skal ha revisor. Det har dermed ikkje vore valt revisor etter dette. Framlegget frå valnemnda er at ein vel rekneskapsbyrået som revisor:

Økonomiservice AS (attval)

Utsending til årsmøtet i FolkOrg:

§4 i vedtektene seier at årsmøtet skal velja utsendingar til årsmøtet i FolkOrg. Det er ikkje årsmøte/landsmøte i FolkOrg i 2026, og det vert dermed ikkje valt utsending.

Valnemnd (valt for tre år, med ein ny kvart år):

- Liv Fridtun, valt i 2024. Leiar i nemnda i 2027.
- Egil Furenes, valt i 2025
- **Ny representant. Årsmøtet kjem med framlegg.**

Valnemnda føreslår at årsmøtet kjem med framlegg til ny kandidat i nemnda, som gjerne kan vera frå Sogn (erstattar Mari Skjerdal Lysne), men som **må** vera spurt om han/ho er villig til å stilla.

Valnemnda 2026:

Mari Skjerdal Lysne (leiar, 3. år)
Sogndal 11.2.26

Liv Fridtun (2. år)

Egil Furenes (1. år)